



# Nynorskbrukarar si oppfatning og handtering av valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikative stillingar

Berit Fjermestad

Høgskulelektor, Høgskulen på Vestlandet

Denne artikkelen undersøker korleis den fastsette norma om valfri samsvarsbøying av svake partisipp blir oppfatta av nynorske respondentar i akseptabilitetsvurderingsstudiar og handtert av nynorske tekstskrivarar i korpusstudiar. Ifølge Vikør (1994, s. 66–68) er ei fastsett norm ei objektiv språkoppfatning som er vedteken av eit språkorgan, medan ei internalisert norm er ei subjektiv språkoppfatning som varierer frå individ til individ. Artikkelen undersøker om den fastsette norma om valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikative stillingar er blitt internalisert hos respondentane og tekstskrivarane, og korleis dei oppfattar og handterer valfrie grammatiske mønster. Studien viser at respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien aksepterer den samsvarsbøygde forma i større grad enn den ikkje-samsvarsbøygde forma, medan tekstskrivarane i korpusstudien viser noko meir bruk av den ikkje-samsvarsbøygde forma.

**Nøkkelord:** Akseptabilitetsvurdering, korpus, blanda modell, valfridom, samsvarsbøying av partisipp, faktisk språkbruk

## 1. Formål med studien

Norsk, nynorsk og bokmål, skil seg ut frå mange andre språk ved å tillate mykje valfridom i rettskrivingsnorma. Å finne ut korleis språkbrukarar oppfattar og handterer ulike valfrie former, og om denne valfridomen blir brukt, kan vere nyttig informasjon for framtidig normeringsarbeid. Sjølv om denne studien berre undersøker ei spesifikk valfri form, kan det å samle inn data om språk-

brukarar si handtering av valfrie former gi eit innblikk i korleis rettskrivingsnorma blir brukt i praksis. Slike data frå språkbrukarar gir eit reelt innblikk i korleis det aktuelle språkfenomenet blir brukt, og om det stemmer overeins med rettskrivingsnorma eller ikkje. Undersøkingar frå språkbrukarar kan også gi innblikk i korleis valfrie former blir brukte, og om bruken varierer med alder, kjønn, tekstsjanger og dialekttilhørsle. Viss det for eksempel viser seg at ei valfri form nesten ikkje blir brukt av språkbrukarar på tvers av ulike dialekter, kan dei som normerer språket, også vurdere om denne valfrie forma skal takast ut av rettskrivingsnorma eller ikkje.

Denne studien handlar om nynorske språkbrukarar si handtering og oppfatning av valfri samsvarbøying av svake partisipp i predikative stillingar. Studien kombinerer akseptabilitetsvurderingsoppgåver og korpusstudiar for å undersøke nynorske språkbrukarar og tekstskrivarar si oppfatning og handtering av svake partisipp i predikative stillingar. I akseptabilitetsvurderingsoppgåvene testar eg korleis respondentane oppfattar ulike former for valfri samsvarbøying og i kor stor grad dei aksepterer samsvarbøygde og ikkje-samsvarbøygde former. I korpusundersøkinga, derimot, testar eg korleis dei samsvarbøygde og ikkje-samsvarbøygde formene blir handtert av tekstskrivarar i publisert tekst. Ved å kombinere desse to formene for datainnsamling får vi innsikt i korleis den valfrie forma blir oppfatta av respondentane og handtert av tekstskrivarane. Resultata frå akseptabilitetsvurderingane gir eit innblikk i om norma er internalisert eller ikkje, og resultata frå korpusstudiane gir eit innblikk i kva valfri form frå den fastsette norma som blir brukt av tekstskrivarane. Slik kan ein samle data på korleis den valfrie forma blir brukt i praksis, og om desse valfrie formene blir brukt like mykje, eller om til dømes den eine berre eksisterer meir i teorien enn i praksis.

Respondentane og tekstskrivarane representerer likevel berre eit lite utval av nynorskbrukarar, og resultata frå denne studien gir dermed eit innblikk i oppfatninga og handteringa av valfri samsvarbøying av svake partisipp. Det trengst eit meir representativt utval for å kunne seie noko om desse resultata speglar dei nynorske språkbrukarane generelt.

## **2. Bakgrunn og tidlegare forskning**

Brunstad (2009, s. 95) hevdar at nynorskbrukarar kan ha ein tendens til å vere meir opptekne av å gjere språket individuelt enn det bokmålsbrukarar har, og han spør om nynorskbrukarane difor også lettare aksepterer språkleg valfridom enn det bokmålsbrukarar gjer. Samtidig argumenterer Rødningen (2000, s. 71)

for at nynorsk valfridom kan skape forvirring og motiverer nynorskelevar til å skifte målspråk frå nynorsk til bokmål.

Det som har aktualisert ei undersøking av korleis dei valfrie formene blir brukte i praksis, er rettskrivingsreforma frå 2012, som tillèt valfri samsvarsbøying av dei svake partisippa i predikativ stilling (Kinn, 2016, s. 14–15). Fram til 1981 var regelen at både svake og sterke partisipp i predikative stillingar skulle samsvarsbøyast. Deretter blei det vedteke at denne regelen framleis skulle gjelde for læreboknormalen, men i rettskrivingsnormalen kunne ein velje å samsvarsbøye partisippet eller ikkje (Faarlund et al., 1997, s. 518). I rettskrivingsreforma frå 2012 blei samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling gjort valfri, medan det sterke partisippet fekk obligatorisk samsvarsbøying. Tabell 1 viser ei oversikt over regelen etter 2012. Her er valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling tillaten, medan dei sterke partisippa i predikativ stilling har obligatorisk samsvarsbøying.

*Tabell 1: Oversikt over regelen for samsvarsbøying av sterke og svake partisipp i predikativ stilling. Partisippa er merka i kursiv, og ukorrekte former er merka med asterisk.*

		<b>Predikativ</b>
<b>Samsvar</b>	Sterkt partisipp	Boka er <i>lesen</i>
	Svakt partisipp	Hytta er <i>bygd</i> (valfri)
<b>Ikkje-samsvar</b>	Sterkt partisipp	Boka er <i>lese*</i>
	Svakt partisipp	Hytta er <i>bygt</i> (valfri)

Grunnen til at denne samsvarsbøyinga blei gjort valfri, er at mange språkbrukarar i ulike dialektområde ikkje samsvarsbøyer det svake partisippet i predikativ stilling (Sandøy, 1988, s. 105–108). Difor kan språkbrukaren sjølv velje om han vil samsvarsbøye eller ikkje samsvarsbøye det svake partisippet. Når det gjeld dei sterke partisippa, fekk dei obligatorisk samsvarsbøying etter rettskrivingsreforma frå 2012, sjølv om det varierer mellom språkbrukarar innanfor dei ulike dialektområda om dei samsvarsbøyer dei sterke partisippa eller ikkje (Sandøy, 1988, s. 90, s. 96).

Det er relevant å undersøke om oppfatninga av regelen om valfri samsvarsbøying heng saman med dialekttilhøyrsla, fordi dette kan påverke språkbrukarane si vurdering av setningane i akseptabilitetsvurderingsoppgåvene. Trøndersk og dei fleste vestnorske dialektene har ikkje samsvarsbøying (Sandøy, 1988, s. 85), og difor kan det vere nærliggjande å tru at respondentar

frå desse to dialektområda også då føretrekker den valfrie ikkje-samsvarsbøygde forma av det svake partisippet.

Ei avgrensing ved studien er at ei av hovudkjeldene frå dialektforskninga er over tretti år gammal. Sandøy (1988) sin studie om samsvarsbøying av sterke og svake partisipp i dialektene tek føre seg alle dei store dialektområda, og så vidt eg kjenner til, er det ikkje gjort seinare undersøkingar av alle dei ulike regionale dialektene sin bruk av samsvarsbøying av sterke og svake partisipp. Det finst nokre studiar av korleis brukarane av einskilte lokale dialekter praktiserer samsvarsbøying av partisipp, slik til dømes Velle (2016) gjer i studien sin av herøydialekta. Velle (2016, s. 45) viser mellom anna til at den yngre generasjonen ikkje samsvarsbøyer partisippformer, i motsetning til den eldre generasjonen som i større grad samsvarsbøyer partisippformene. Ei upublisert undersøking av Sandstedt (2022) viser også at den generelle trenden i dei ulike sunnmørsdialektene er at den yngre generasjonen har mindre samsvarsbøying enn det den eldre generasjonen har.

Det er relevant å undersøke om Berg (1999, s. 106) sin påstand om at nynorsk valfridom eksisterer meir i teorien enn i praksis også gjeld for tekstskrivarane. Korpusundersøkinga gir innblikk i om tekstskrivarane bruker ei valfri form meir enn ei anna. I tillegg kan ein ved å undersøke bruken av valfrie former i ulike tekstsjangrar, få informasjon om tekstskrivarar sin språkpraksis i ulike redaksjonar. Om det viser seg at ein tekstsjanger har mykje meir av samsvarsbøygde former enn ikkje-samsvarsbøygde former, er dette nyttig informasjon som seier noko om kva valfri form ulike redaksjonar innan ulike tekstsjangrar brukar. Dette vil også kunne påverke lesarane som då kan møte særleg ein type valfri form når dei les ein tekstsjanger.

### 3. Teoretisk perspektiv

#### 3.1. Bøyingmønster for svake partisipp

Samsvarsbøyinga for dei svake partisippa gjeld i bøyingklassen *e*-verb og *j*-verb, sidan desse viser ulik samsvarsbøying i kjønn og tal. Det betyr at ein kan velje om ein vil samsvarsbøye eller ikkje samsvarsbøye svake *e*-verb og *j*-verb, medan dei svake *a*-verba har som regel likt bøyingmønster i kjønn og tal. Substantiva i tabell 2 nedanfor er alle hokjønnsord. På grunn av at han- og hokjønnsord har formsamanfall i partisippformene på nynorsk, treng ein ikkje å føre opp døme med hankjønnsord. Partisippa som blir bøygde etter dei nynorske inkjekjønna, viser ikkje samsvarsbøying, og difor treng ein heller ikkje å føre

opp døme med inkjekjønnsord. I tabell 2 er det vist setningsdøme der partisippet er samsvarsbøygd og ikkje samsvarsbøygd etter hokjønns substantivet. Det er også skilt mellom dei ulike gruppene for svake verb, og ein ser korleis partisippet med a-verb blir bøygd likt, både i samsvarsbøygd og ikkje-samsvarsbøygd form. Det at berre spesifikke bøyingsklassar har valfri samsvarsbøyning, kan også bidra til å gjere systemet vanskelegare å bruke.

*Tabell 2: Oversikt over bøyingsmønster i hokjønn for svake verb.*

	<b>Samsvar</b>	<b>Ikkje-samsvar</b>
<b>E-verb</b>	Hytta er bygd	Hytta er bygt
<b>J-verb</b>	Historia er fortald	Historia er fortalt
<b>A-verb</b>	Hylla er kasta	Hylla er kasta

### *3.2. Ulike språkoppfatningar – internaliserte og fastsette normer*

Språkinformantar har ulik bakgrunn som er med å påverke oppfatninga deira av språket. Røsstad (2008, s. 19) knyter språkleg medvit saman med språkoppfatningar, og han peiker på det språklege medvitet som noko biologisk og universelt, men som også blir påverka kulturelt og psykososialt. På den måten er det språklege medvitet både noko objektivt og subjektivt. Vikør (1994, s. 48) kallar språkoppfatningar som vi umedvitne lærer i barndommen og som varierer frå individ til individ, for internaliserte normer. Kvar enkelt språkinformant vil difor ha si unike språkoppfatning og internaliserte språknorm.

Når Brunstad (2000, s. 48–49) forklarar korleis ei språknorm er med på å styre språkbruk, skil han mellom dei eksplisitt formulerte normene og dei «tause» normene. Dei formulerte språknormene finn ein i til dømes ordbøker eller grammatikkar, medan dei «tause» språknormene ofte handlar om haldningar eller intuisjonar om kva som er korrekt og meningsfull språkbruk. Vikør (1994, s. 66–67) kallar dei språknormene som blir vedtekne av eit språkorgan, og som har ein formell status i samfunnet, for fastsette normer. Desse blir ikkje lært gjennom ein umedviten prosess slik dei internaliserte normene blir, men gjennom formell undervisning. Medan dei internaliserte normene i stor grad spring ut av våre språklege medvit, handlar altså dei fastsette normene om styring av språket.

Språkrådet (2021, s. 4) har mellom anna som mål at dei fastsette normene skal styre skriftspråket og etter kvart bli internaliserte normer hos kvar enkelt språkbrukar. I språknormeringa er difor dei fastsette og internaliserte normene avhengige av kvarandre. Helset (2016, s. 146–148), hevdar også at ei språkform

ikkje er valid viss ho ikkje er internalisert hos språkbrukarane. Han viser til validitetsprinsippet til Bartsch (1987, s. 177) som går ut på at ei norm berre er valid for ei befolkning dersom dei kan vise til norma som eit legitimt grunnlag for språkleg oppførsel, eller for å peike på språklege feil eller avvik. På den måten kan norma påverke kva som blir sett på som akseptabel språkbruk hos befolkninga.

Akseptabilitetsvurderingsoppgåver og korpusstudiar undersøker to ganske ulike sider ved språket, difor viser desse også ganske ulike språkoppfatningar hos respondentane og tekstskrivarane. Gjennom korpusstudiar måler ein korleis fastsette språknormer blir brukte i tekst, men får ingen informasjon om forholdet mellom språkoppfatning og produksjon. Akseptabilitetsvurderingsstudiar viser på si side korleis internaliserte normer syner seg hos kvart enkelt individ.

Vikør (1994, s. 213) peiker på ein interessekonflikt mellom sendar/skrivar og mottakar/lesar der språknormering legg mest vekt på skrivaren sine interesser, medan språkrøkt legg mest vekt på lesaren sine interesser. Skilnaden forklarar Vikør (1994, s. 100) med at i språknormering blir ei språknorm fastsett, og i språkrøkt passar ein på at språket er eit godt uttrykksmiddel for brukarane. Denne konflikten er òg relevant når ein skal gjere akseptabilitets- og korpusstudiar. I akseptabilitetsstudiar måler ein samsvarsbøying med fokus på oppfatninga til mottakarane/lesarane, og difor legg ein mest vekt på lesaren sine interesser, medan i korpusstudiar måler ein handteringa av samsvarsbøying til sendarane/skrivarane, og ein legg då mest vekt på skrivaren sine interesser. Desse to måtane å måle språkoppfatningar på, kan likevel bidra til å minske denne interessekonflikten mellom skrivar og lesar fordi undersøkingssformene gir innblikk i kva former lesaren føretrekkjer som då skrivaren vidare kan nytte seg av. Slike undersøkingssformer kan òg gjere det enklare å kartlegge kva for fastsette normer som har blitt internaliserte og ikkje, noko som til dømes vil vere eit godt verktøy i språknormeringsarbeidet.

## 4. Metode

### 4.1. Innsamling av språkinformasjon

I denne studien blir det brukt kvantitativ metode der språkinformasjon blir samla gjennom to ulike delstudiar. Språkinformasjonen blir samla frå respondentar i ein akseptabilitetsvurderingsstudie og frå tekstskrivarar i ein tekstkorpusstudie. Akseptabilitetsvurderingsstudien måler hovudsakleg respondentane sin individuelle og internaliserte språknorm, medan korpusstudien hovudsakleg måler

tekstskrivarane si handtering av fastsette språknormer. Respondentane i akseptabilitetsvurderingsoppgåvene brukar dei internaliserte normene, og dei blir bedne om å vurdere setningane ut frå si eiga språkoppfatning og ikkje nødvendigvis ut frå kva som er formelt rett eller gale. Tekstskrivarane derimot brukar dei fastsette normene og skriv truleg setningar med meir vekt på korrekt formell rettskriving. Desse to studiane måler difor ulike sider ved språkoppfatninga, og denne metoden er ein effektiv måte å samle språkdata og få eit realistisk innsyn i faktisk språkbruk på.

#### 4.2. Akseptabilitetsvurderingsstudien

Akseptabilitetsvurderingar handlar om at språkbrukarar skal vurdere på ein skala kor akseptabel ei setning er for dei. Målet er å få eit innblikk i den individuelle språkoppfatninga og dei internaliserte språknormene til språkbrukarane. Akseptabilitetsvurderingsoppgåvene blei sendt ut i form av ei spørjeundersøking i Nettskjema.no. Spørjeundersøkinga hadde 32 testsetningar med samsvarsbøygd eller ikkje-samsvarsbøygd partisipp (sjå vedlegg) som respondentane fekk i oppgåve å rangere ut frå kor vanlege eller akseptable dei var for den enkelte. Det blei også presisert at dei skulle ta omsyn til kva dei sjølv meinte var vanleg ut frå deira skriftspråk. Dei skulle ikkje vurdere kva som ut frå skulegrammatikken var rett eller gale. Respondentane fekk beskjed om å vurdere setningane på ein Likert-skala frå 1 til 7 der 1 var heilt uvanleg og 7 var veldig vanleg. Denne formuleringa, der vanleg og akseptabel blei brukt som synonym, er ei avgrensing i denne delstudien, og det er mogleg at respondentane kan ha vurdert valfrie former som uvanlege sjølv om dei likevel er fullt akseptable for dei. I framtidige akseptabilitetsvurderingsstudiar bør ein difor vere meir medviten på denne ordbruken og berre bruke *akseptabel* som formulering.

Respondentane kunne bruke så mykje tid dei ville på spørjeundersøkinga, og alle setningane var tilgjengelege samtidig. Ideelt sett skulle setningane komme i tilfeldig rekkefølge for å minske sjansen for rekkefølgeeffekt, men Nettskjema hadde ikkje denne funksjonen på dåverande tidspunkt, og det gjorde at setningane blei presenterte i lik rekkefølge til alle respondentane. Dette er ei avgrensing med denne studien. Ein må difor ta omsyn til at dette kan ha påverka nokre av resultatane.

Spørjeundersøkinga testa totalt åtte partisipp med ulike funksjonar i setninga: samsvarsbøygd og ikkje-samsvarsbøygd partisipp, svake og sterke partisipp og partisipp i attributive og predikative stillingar. Denne studien tek berre føre seg partisippa i predikativ stilling, og det er hovudsakleg svake

partisipp som blir undersøkt. Det er to av dei åtte partisippotypene som blir undersøkte, svake samsvarsbøyde partisipp i predikative stillingar og svake ikkje-samsvarsbøyde partisipp i predikative stillingar. Testsetningane til akseptabilitetsvurderingsoppgåvene hadde så lik struktur som mogleg, slik Bross (2019a, s. 32–33) rår til, og alle setningane var korte med eit subjekt, verbal og objekt. Orda som blei brukte i setningane blei også vurderte som enkle og lette å forstå.

Kvar av dei åtte ulike partisippa blei repetert fire gonger i spørjeundersøkinga, noko som ga 32 testsetningar til saman. For å unngå at respondentane skjønnte kva for språkfenomen som blei testa, blei det lagt til 32 ekstra fyllsetningar i spørjeundersøkinga. Desse setningane hadde ulike grammatiske strukturar, og nokon av dei hadde også tydelege grammatiske avvik. Respondentane fekk altså 64 setningar å vurdere, og alle respondentane fekk dei same setningane. I tillegg til desse setningane blei det lagt til fem øvesetningar slik at respondentane kunne få ei kjensle av kva dei skulle gjere. Spørjeundersøkinga hadde då til saman 69 setningar som respondentane skulle vurdere akseptabiliteten til.

Akseptabilitetsvurderingsoppgåvene blei sendt ut på ulike mållagssider på Facebook og til saman var det 139 nynorskbrukarar som svarte på oppgåvene. Av dei 139 nynorskrespondentane kryssa 107 av for vestnorsk dialekt, 17 informerte om austnorsk dialekt, 9 informerte om trøndersk dialekt, og berre 2 kryssa av for nordnorsk dialekt. Ein stor del av respondentane hadde altså vestnorsk dialekttilhørsle. 19 respondentar var i aldersgruppa 18–29 år, 55 respondentar i aldersgruppa 30–45 år, 38 respondentar var i aldersgruppa 46–59 år og 26 respondentar var i aldersgruppa 60+ år. Av dei 139 respondentane var det 90 kvinner og 49 menn.

I oppstarten av studien blei ei pilotspørjeundersøking delt på ulike sosiale medium via vener, bygde- og norsklærargrupper på Facebook, utan særleg spons. Rekrutteringa av deltakarar på ulike målsider på Facebook var til samanlikning ein sær effektiv måte å raskt rekruttere nynorske språkbrukarar på. Det er likevel ei avgrensing i studien at respondentane blei rekrutterte frå mållagssider, sidan ein då gjerne får deltakarar som har ei felles interesse og gjerne er ekstra opptekne av det nynorske skriftspråket. Dette kan påverke resultatata i studien. Ein kan ikkje fastslå at ein får ei god innsikt i faktisk språkbruk, ettersom heile respondentgruppa er frå ein interesseorganisasjon, og dermed homogen. I vidare studiar bør ein difor vurdere andre rekrutteringsmåtar som kan sikre ei meir variert respondentgruppe.



### 4.3. *Korpusstudien*

I korpusstudiane blir det brukt digitale tekstkorpus til å undersøke språkbruken til tekstskrivarar. Då undersøker ein redaksjonar si handtering av valfrie samsvarsbøying, og det gir eit innblikk i kva valfrie former dei nynorske tekstskrivarane føretrekker å bruke. Ein korpusstudie viser i større grad korleis tekstskrivarar handterer og oppfattar dei fastsette normene enn dei internaliserte normene, sidan tekstane i korpuset som regel har vore igjennom ein redaksjon og språkvask før teksten blir publisert.

Til å hente inn data på samsvarsbøygde og ikkje-samsvarsbøygde partisipp i publisert tekst brukte eg Norsk Ordboks Nynorskkorpus. Korpuset har om lag 100 millionar ord og er tagga med Oslo-Bergen-taggen. Det at eit tekstkorpus er tagga, betyr at kvart ord har fått ein tagg eller eit merke som gir grammatisk informasjon til ordet. Tekstane i Nynorskkorpuset har som regel gått igjennom språkvask eller ein redaksjon før publisering, så ein kan gå ut frå at handteringa av samsvarsbøygde og ikkje-samsvarsbøygde partisipp er mykje meir gjennomtenkt i desse tekstane enn i akseptabilitetsvurderingsoppgåvene, der respondenten sjølv vurderer setningane ut frå si eiga subjektive språkoppfatning.

I språkrådet sine retningslinjer for normering (2021, s. 14–15), forklarar dei ut frå bruksprinsippet at ein primært skal bruke tekstar frå store tekstkorpus som har vore igjennom ein redigeringsprosess som grunnlag for normering. Samtidig kan ein også i nokre tilfelle bruke munnleg språk som grunnlag for normering. Johannessen (2003, s. 148) understrekar derimot at tekstar frå eit tekstkorpus ikkje representerer alle språkbrukarar, men berre ein liten og kontrollert del av språket. På grunnlag av dette påpeiker ho at korpusstudiar difor bør brukast i kombinasjon med andre undersøkingar som til dømes spørjeundersøkingar. Aa (2023, s. 141) problematiserer også det å bruke tekstkorpus for å få innblikk i subjektiv språkoppfatning. Han nemner talespråkkorpus eller elevtekstkorpus frå elevar på småtrinnet som ei betre kjelde til innblikk i grammatikkdata. I vidare studiar kan det vere nyttig å også inkludere talespråkkorpus og elevtekstkorpus for å få innblikk i språkbrukarar si handtering av valfrie former.

I korpusstudien blei det berre sett på førekomsten av partisipp frå setningsstart. Dette var for å unngå at partisippet blei samsvarsbøygde med feil ord, slik som i setninga «prøver som var tekne av vegbanen vart analyserte...» der korpuset tolka at partisippet «analyserte» var samsvarsbøygde med objektet «vegbanen» og ikkje subjektet «prøver». Ved å legge til <s> []{0,5} i starten av søkestrengen kom då berre dei fem første orda i ei setning fram. Slik kan

ein sikre seg fleire korrekte døme på samsvarsbøying der partisippet til subjektet blir samsvarsbøyd til subjektet og ikkje til noko anna som liknar eit subjekt.

For å finne sterke og svake partisipp i predikativ stilling i Nynorskorpuset blei denne søkestrengen brukt: <s> [] {0,5} {{ {subst} «er|var|blir|blei|vert|vart» [«.\*(t|de|d|en|e)» & {<perf-part>}]. Søkestrengen kan lesast som at «subst» betyr eit substantiv som startar setninga for deretter å ha eit av hjelpeverba etterfølgt av eit perfektum partisipp med ei av dei fem forskjellige endingane: *-t*, *-de*, *-d*, *-en* og *-e*. Det er eit nokså avgrensa søk, der berre substantivet i forfeltet er inkludert i søket, og i vidare studiar kunne ein ha inkludert pronomen som setningsstartar også for å få meir variasjon i setningane. I denne korpusstudien er det eit poeng å ha korte og enkle setningar med så lik setningsstruktur som mogleg, fordi det gir ei god oversikt over setningseksempla og skapar mindre datarydding i etterkant.

Korpusdataa blei filtrerte slik at datamaterialet berre viste tekstar publiserte etter 1980 og fram til no. Korpuset hadde mange fleire tekstar frå 2000-talet enn frå dei andre tiåra, så for å unngå for stor skeivfordeling i dataa, blei berre tekstdata frå 2000- og 2010-talet brukt. Denne skeivfordelinga av dataa er likevel ei avgrensing med delstudien, og i vidare studiar bør ein samle inn fleire data frå ulike tekstsjangrar. I tabell 3 er ei oversikt over kor mange tekstar i dei ulike sjangrane som er representerte i studien, og avissjangeren er sterkt representert i tekstane frå 2000-talet. Sjangrane med få tekstar blei filtrert vekk, slik at ein kan ta føre seg dei tekstsjangrane med nok tekstar per sjanger. Etter filtreringa var det til saman 4129 datapunkt fordelt på 3225 tekstar frå avissjangeren, 841 tekstar frå saklitteratursjangeren og 63 tekstar frå skjønnlitteratursjangeren.

*Tabell 3: Oversikt over kor mange tekstar frå dei ulike sjangrane og tiåra som er representerte i korpusstudien.*

	<b>2000-talet</b>	<b>2010-talet</b>
Avis	2792	433
Saklitt.	796	45
Skjønnlitt.	62	1

#### *4.4. Rydding av dataa*

Tidyverse i R (Wickham et al., 2019) blei brukt til å rydde i rådata frå begge delstudiane. Frå tekstkorpusdataa som viser svake partisipp, blei dei mest frekvente svake partisippa som viser bøying, samla. Etter å ha rydda i dataa, bestod

datasettet av 55 unike svake partisipp i bøyingsklassen e-verb og j-verb, og og i vedlegget er ei full oversikt over desse partisippa.

I datasettet frå akseptabilitetsvurderingsoppgåvene blei respondenteskåra standardiserte om til  $z$ -skår. Ifølge Bross (2019a, s. 59) handlar  $z$ -skår om at vurderinga frå kvar respondent blir normalfordelt med eit gjennomsnitt på 0 og standardavvik på 1, slik at ein får positive og negative verdiar rundt gjennomsnittet på 0. Dette gjer ein fordi ein aldri kan vere sikker på om respondentane brukar heile Likertskalaen frå 1–7, men ved å standardisere dataa om til  $z$ -skår, blir alle respondentsvara standardiserte og i visse tilfelle enklare å handtere.

#### 4.5. Analysemetode

I begge delstudiane blei data samla inn for å sjå etter mønster i handteringa og oppfatninga av valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikative stillingar. Blanda modell og logistisk modell blei brukt som statistiske testar ved hjelp av R-pakken lme4 (R Core Team, 2021) for å trekke slutningar om dataa. Slike statistiske modellar gir  $p$ -verdiar som gjer det mogleg å sjå om det er avvik i dataa, og dei viser om det er signifikant variasjon mellom dataa. Ein set vanlegvis  $p$ -verdien til 0,05 og dersom resultata gir ein  $p$ -verdi som er mindre enn 0,05, kan ein med større sannsyn forkaste nullhypotesen (det motsette av det ein eigentleg testar).

Der ein lineær modell trekker ei gjennomsnittslinje mellom alle datapunkta, tek ein blanda modell omsyn til alle dei aktuelle datapunkta. Bross (2019b, s. 3–4) forklarar korleis ein blanda modell viser data der kvar respondent kan variere i stigningstal og skjeringpunkt, slik at ein får eit meir nøyaktig bilete av svarmønsteret til kvar enkelt respondent. Ein blanda modell tek også omsyn til fast og tilfeldig effekt. Winter (2019, s. 234–236) forklarar fast effekt som noko fast og systematisk, mens tilfeldig effekt handlar om noko som ikkje har eit fast sett med nivå, men eit uendeleg sett med moglegheiter. I akseptabilitetsvurderingsstudien vil ein undersøke om respondentane varierer i oppfatninga mellom samsvarsbøying, grad og dialekttilhørsle. Det handlar om å undersøke variasjon hos ulike dialektbrukarar i oppfatninga mellom ikkje-samsvarsbøygde og samsvarsbøygde partisipp og grad, altså svakt eller sterkt partisipp. Av den grunn er samsvar, grad og dialekt satt som fast effekt. Respondentane og testsetningane i akseptabilitetsvurderingsstudien er sett som tilfeldig effekt, ikkje fordi ein er interessert i spesifikt desse respondentane og setningane, men fordi ein er interessert i om det er ein variasjon mellom dette utvalet av respondentar og setningar. Ein blanda modell er ein passande analysemetode å bruke på dataa frå akseptabilitetsvurderingsstudien fordi modellen inkluderer dei faste og

tilfeldige effektane og ser svarmønsteret til kvar enkelt respondent.

I dataa frå tekstkorpuset blei det brukt ein logistisk lineær regresjonsmodell til å trekke slutningar om dataa. Dette er fordi datamaterialet har få observasjonar i nokre tiår og i nokre sjangrar, noko som kan by på utfordring i ein blanda modell. Field (2018, s. 880) forklarar at ein logistisk regresjonsmodell føreser sannsynet for at ei hending skjer basert på observasjonar om hendingane faktisk har skjedd. Det som blir estimert i ein slik modell er log-odds, til forskjell frå den blanda modellen frå akseptabilitetsvurderingsstudien der det er *z*-verdiar som blir estimert.


## 5. Resultat og analyse

### 5.1. Resultat frå akseptabilitetsvurderingsstudien


Figur 1 viser eit fiolinplott der den loddrette linja viser medianskåren. Eit fiolinplott viser korleis dataa er fordelte, og kor datapunkta er tettast. Der «fiolinen» er breiast, er også der flest data er samla. Respondentane vurderer dei samsvarsbøyde svake partisippa med ein median på 7, medan dei ikkje-samsvarsbøyde svake partisippa vurderer dei med ein median på 5. Svara er sprikande når det kjem til dei svake ikkje-samsvarsbøyde partisippa, noko som kan tolkast som at respondentane er meir ueinige om kva dei aksepterer av ikkje-samsvarsbøyde svake partisipp.

Dei trønderske og størsteparten av dei vestnorske dialektbrukarane brukar ikkje samsvarsbøying (Sandøy, 1988, s. 85), men likevel vurderer dei trønderske og vestnorske respondentane dei samsvarsbøyde svake partisippa som meir akseptable enn dei ikkje-samsvarsbøyde svake partisippa (figur 2). Dataa til dei ikkje-samsvarsbøyde partisippa er også meir spreidde, noko som kan vitne om større variasjon frå respondentane si side.


Alle dialektgruppene vurderer også, i tråd med skriftregelen, dei sterke samsvarsbøyde partisippa som meir akseptable enn dei ikkje-samsvarsbøyde sterke partisippa (figur 3). Likevel skil trønderane seg ut, og dei vurderer ikkje-samsvarsbøyde sterke partisipp med ein median på 5 og med nokså lite spreiding av dataa. Dette viser at trønderane med stor semje, aksepterer den norma som ikkje er fastsett for ikkje-samsvarsbøyde sterke partisipp. Her viser kanskje mangelen på samsvarsbøying i den trønderske dialekta seg att. Dette kjem fram i vurderinga av dei sterke partisippa der trønderane aksepterer former som *Boka er lese\** på nesten lik linje med former som *Boka er lesen*.



Figur 1: Respondentane si vurdering på ein Likert-skala frå 1–7 av samsvarsbøygde og ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i predikativ stilling. Den tjukke linja viser medianskåren, boksen rundt viser dataspreiinga og den loddrette linja viser ytterpunktta.



Figur 2: Respondentane si vurdering av samsvarsbøygde og ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp i predikativ stilling sortert etter dialekttilhøyrse. Den tjukke linja viser medianskåren, boksen rundt viser dataspreiinga og den loddrette linja viser ytterpunktta.



Figur 3: Respondentane si vurdering av samsvarsbøygde og ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp i predikativ stilling sortert etter dialekttilhøyrse. Den tjukke linja viser medianskåren, boksen rundt viser dataspreiinga og den loddrette linja viser ytterpunktta.

### 5.2. Statistiske analysar frå akseptabilitetsvurderingsstudien


For å handtere skåringa til respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien blir det brukt ein lineær blanda modell (R Core Team, 2021). Responsvariabelen er respondentskåringa, altså tala frå 1–7, som er blitt gjort om til  $z$ -skår. Den blanda modellen i tabell 4 ser på  $z$ -skåren og korleis interaksjonen mellom samsvar, grad og dialekt som fast effekt påverkar skåringa til respondentane. I tillegg blir deltakar og setning lagt til som tilfeldige konstantledd i modellen. Dette gjer at modellen tek omsyn til individuelle forskjellar hos respondentar og i setningar. Visualiseringa av den blanda modellen i figur 4 viser at respondentane føretrekker dei samsvarsbøygde svake partisippa framfor dei ikkje-samsvarsbøygde svake partisippa. I den blanda modellen i tabell 4 har konstantleddet ( $E = -0.93539$ ,  $p < 0.001$ ) ein negativ verdi som tyder på at akseptabiliteten for ikkje-samsvarsbøyning av sterke partisipp hos respondentane med austnorsk dialekt er låg. Den trønderske dialekta viser ein positiv hovud-effekt ( $E = 0.43298$ ,  $p > 0.05$ ), og det kan tyde på at respondentane med trøndersk dialekt, uavhengig av grad eller samsvar, aksepterer ikkje-samsvarsbøygde former i større grad enn det dei respondentane med austnorsk eller

Tabell 4: Resultata frå den blanda modellen til akseptabilitetsvurderingsstudien med trevegsinteraksjon mellom samsvar, grad og dialekt.

Tilfeldig effekt		Varians	Std.avvik	
Deltakar (Konstantledd)		0.1202	0.3486	
Sening (Konstantledd)		0.1280	0.3578	
Restledd		0.5080	0.7127	
<b>Faste effektar</b>				
Konstantledd: Samsvar: ikkje-samsvar, Grad: sterk, Dialekt: Austnorsk		<b>Estimat</b>	<b>Std.feil</b>	<b>P</b>
Samsvar: samsvar, Grad: sterk		-0.93539	0.16399	2.51e-07 ***
Samsvar: ikkje-samsvar, Grad: svak		1.38591	0.19870	1.99e-08 ***
Dialekt: Trøndersk		0.60002	0.19870	0.00043 **
Dialekt: Vestnorsk		0.43298	0.17733	0.01536 *
Dialekt: Vestnorsk		0.10825	0.11231	0.33611
Samsvar: samsvar, Grad: svak		-0.72393	0.28101	0.01377 *
Samsvar: samsvar, Dialekt: Trøndersk		-0.43117	0.14690	0.00335 **
Samsvar: samsvar, Dialekt: Vestnorsk		-0.20517	0.09304	0.02750 *
Grad: svak, Dialekt: Trøndersk		-0.45219	0.14690	0.00210 **
Grad: svak, Dialekt: Vestnorsk		0.09579	0.09304	0.30330
Samsvar: samsvar, Grad: svak, Dialekt: Trøndersk		0.40364	0.20775	0.05210
Samsvar: samsvar, Grad: svak, Dialekt: Vestnorsk		0.12709	0.13158	0.33418
Signifikansnivå: 0 **** 0.001 *** 0.01 ** 0.05 * 0.1 ' ' 1				

vestnorsk dialekt gjer. I figur 4 ser ein også korleis dei trønderske respondentane vurderer ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp med ein mindre negativ z-skår enn det respondentane frå dei to andre dialektene gjer. Når det gjeld dei vestnorske dialektbrukarane, er dei fleste av effektane ikkje signifikante. Dette kan tyde på at respondentane med vestnorsk dialekttilhørsle viser ganske lik aksept for samsvarsbøyging som det dei austnorske respondentane gjer. Respondentane med vestnorsk og austnorsk dialekttilhørsle ser altså ut til å ha ganske lik aksept for samsvarsbøygde former. Derimot viser respondentane med trøndersk dialekttilhørsle ein annan aksept for samsvarsbøygde former.

Figur 4: Visualisering av den blanda modellen med interaksjonseffektar mellom samsvar, grad og dialekt.



### 5.3. Resultat frå korpusstudiet


Figur 5 viser at tekstane i Nynorsktekstkorpuset har litt meir førekomst av ikkje-samsvarsbøygde enn samsvarsbøygde svake partisipp som blir bøygd etter kjønna.

I Figur 6 ligg også delen samsvarsbøygde svake partisipp i ulike tekstsjangrar frå 2000- og 2010-talet på rundt 20 prosent. Dette understrekar at tekstane i tekstkorpuset har ei overvekt av ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp.


Figur 6: Bruken av samsvarsbøygde svake partisipp i tekstar i løpet av dei siste



Figur 5: Resultat frå korpusstudien og tekstskrivarane si handtering av samsvarsbøygde og ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp etter han- og hokjønn i predikativ stilling.



tjue åra.



#### 5.4. Statistisk analyse frå korpusstudien

Eg bruker logistisk regresjonsmodell ved hjelp av glm-funksjonen i R (R Core Team 2021) til å analysere dataa frå korpuset. Samsvarsbøying er gjort om til binære verdiar, der 0 er ikkje-samsvar og 1 er samsvar. Modellen baserer seg på dei til saman 4129 datapunkta. Desse er fordelte på 63 datapunkt for skjønnlitteratur, 841 datapunkt for saklitteratur og 3225 datapunkt for avis. Sidan dataa er skeivt fordelte mellom tekstsjangrane, brukar eg vekta logistisk regresjon for å justere skeivfordelinga. Ved å bruke vekta logistisk regresjon gir ein meir vekt

til skjønnlitteratur og tidsskriftsjangeren. På denne måten blir estimeringane mindre påverka av alle datapunkta frå avissjangeren.

Tabell 5: Resultat frå logistisk regresjonsmodell for dei svake partisippa i korpusstudien.

Koeffisientar	Estimat	Std.feil	z value	P	
Avis (Konstantledd)	-0.5485	0.2754	-1.992	0.0464	*
Saklitteratur	1.2275	0.4799	2.558	0.0105	*
Skjønnlitteratur	1.9955	0.9449	2.112	0.0347	*

Signifikansnivå: 0 '\*\*\*\*' 0.001 '\*\*' 0.01 '\*' 0.05 '.' 0.1 ' ' 1

Koeffisientane i tabell 5 viser log-odds for samsvarsbøying i avis, saklitteratur og skjønnlitteratur der avis er konstantleddet. Sidan avissjangeren viser eit negativt estimat ( $E = -0.5485$ ,  $p < 0.05$ ), kan dette tyde på lågare sannsyn for samsvarsbøying i denne sjangeren. Saklitteratur ( $E = 1.2275$ ,  $p < 0.05$ ), har ein høgare log-odds for samsvarsbøying enn det avissjangeren har. Dette tyder på at denne sjangeren har større sannsyn for samsvarsbøying enn avissjangeren. Koeffisienten for skjønnlitteratur ( $E = 1.9955$ ,  $p < 0.05$ ) viser at log-oddsen for samsvarsbøying er enda høgare i denne sjangeren enn i avissjangeren. Alle sjan-grane har signifikante  $p$ -verdiar som kan vitne om at denne effekten sannsynlegvis ikkje er tilfeldig. Denne statistiske modellen viser altså at både saklitteratur og skjønnlitteratur har signifikant høgare sannsyn for samsvarsbøying samanlikna med avissjangeren.

## 6. Diskusjon og avslutning

Akseptabilitetsvurderingsstudien og korpusstudien måler to forskjellige språkoppfatningar, og desse to delstudiane kombinerer internaliserte normer og fastsette normer. Dette kan bidra til å enklare sjå samspelet mellom dei to normene i praksis. Slike målingar kan også gi betre innblikk i om ei fastsett norm er internalisert hos språkbrukarane eller ikkje.

I akseptabilitetsvurderingsstudien vurderer respondentane dei svake samsvarsbøyde partisippa som meir akseptable enn dei ikkje-samsvarsbøyde svake partisippa. Sjølv om det er valfritt kva form ein bruker, føretrekk respondentane den samsvarsbøyde forma, altså *Hytta er bygđ* framfor *Hytta er bygt*. Det er også ei ganske stor spreieing i dataa for dei ikkje-samsvarsbøyde svake partisippa, og dette kan tolkast som ei usemje i respondentgruppa om kor akseptabel denne forma er.

Det kan vere fleire grunnar til denne usemja, og ein av grunnane kan vere at fleire kanskje ikkje er klar over at regelen om valfri samsvarsbøyging eksisterer i det heile. Berg (1999, s. 106) hevdar også at kompetansen om valfridom er nokså låg hos språkbrukarane, og at valfridom eksisterer meir i teorien enn i praksis. Dette kan forklare kvifor respondentane frå alle dei tre dialektområda vurderer samsvarsbøygde former som meir akseptable enn ikkje-samsvarsbøygde former, nett fordi dei ikkje er klar over at denne valfridomen eksisterer.

Dei vestnorske og trønderske respondentane vurderer den forma av svake partisipp som ligg lengst unna talemålet som meir akseptabel enn den talemålsnære forma. Kan hende er dei meir vande med å lese den samsvarsbøygde forma i tekst. Kanskje ser vi her eit tilfelle der fastsette normer, som ein er vand med å lese eller har lært på skulen, påverkar vurderingane i større grad enn det talemålet gjer. Samtidig viser korpusstudien at tekstskrivarane i avissjangeren brukar flest ikkje-samsvarsbøygde former. Viss dette går att i fleire studiar med større datamateriale og fleire tekstsjangrar, møter nynorskbrukarane truleg flest ikkje-samsvarsbøygde former i aviser. Då speglar ikkje nødvendigvis den føretrekte samsvarsbøygde forma i akseptabilitetsvurderingane det respondentane sjølv er vande med å lese i aviser.

Dersom vi berre ser på dei trønderske respondentane, vurderer dei fastsette ukorrekte former som akseptable former. Dei vurderer dei sterke ikkje-samsvarsbøygde partisippa som ganske akseptable. Dataspreiinga er også liten, noko som kan vitne om stor semje hos respondentane. Desse respondentane viser også mindre varians i akseptabiliteten til den ukorrekte fastsette forma av ikkje-samsvarsbøygde sterke partisipp (figur 3) enn til den korrekte fastsette forma av ikkje-samsvarsbøygde svake partisipp (figur 2). Dei er meir samde i vurderinga om å akseptere det fastsette ukorrekte ikkje-samsvarsbøygde sterke partisippet, enn det fastsette korrekte ikkje-samsvarsbøygde svake partisippet. Dette kan tyde på at det ein les i tekst ikkje nødvendigvis speglar akseptabilitetsvurderinga til respondentane. Figur 3 viser samtidig at trønderane aksepterer det fastsette korrekte samsvarsbøygde sterke partisippet i større grad enn det ukorrekte ikkje-samsvarsbøygde sterke partisippet, noko som kan bety at dei trønderske respondentane likevel aksepterer rettskrivingsnorma.

Det er vanskeleg å fastslå kva denne avvikande akseptabilitetsvurderinga til dei trønderske respondentane kjem av. Kanskje kjem denne vurderinga av tilfeldigheiter, sidan det er så få respondentar som rapporterer om trøndersk dialekt (9) samanlikna med austnorske (17) og særleg vestnorske respondentar (107). Ein treng ei større respondentgruppe med trøndersk dialekttilhørsle for å kunne trekke konklusjonar utifrå akseptabilitetsvurderingane.

Dataa frå korpusstudien viser cirka like mykje bruk av både samsvarsbøyge og ikkje-samsvarsbøyge former. Likevel er det ei lita overvekt av ikkje-samsvarsbøyge former. Når ein deler dataa i sjangrar, viser figur 6 at tekstane berre har rundt 20 % med samsvarsbøyge former. Samtidig, når ein skil mellom dei tre tekstsjangrane, viser den statistiske analysen i tabell 5 at avissjangeren sannsynlegvis har fleire ikkje-samsvarsbøyge svake partisipp enn dei to andre tekstsjangrane. Det er ikkje klart om dette er på grunn av den skeive fordelinga av tekstsjangrar, og andre moglege forklaringar kan vere kortare tid til tekstrevisjon og refleksjon rundt valfri form i avisredaksjonar enn hos forlag.

I resultatane frå akseptabilitetsvurderingane ser det ut til at talemålet ikkje nødvendigvis spelar ei like stor rolle i språkoppfatninga til respondentane i akseptabilitetsvurderingsstudien. Språkrådet (2001, s. 4) har som mål at dei fastsette normene etter kvart skal bli internaliserte hos kvar enkelt språkbrukar. Resultata frå denne akseptabilitetsvurderingsstudien viser likevel ein god del variasjon i vurderingane når det gjeld regelen om valfri samsvarsbøyge av svake partisipp i predikativ stilling. Det at talemålet ikkje påverkar respondentane si vurdering i like stor grad som ein kanskje skulle tru, vitnar om at dei fastsette normene om valfri samsvarsbøyge ikkje er internaliserte hos desse respondentane. Dette er til trass for at normene er utforma med tanke på å ivareta eit talemålsnært skriftspråk.

Korpusstudien i kombinasjon med akseptabilitetsvurderingsstudien viser skilnader i oppfatninga og handteringa av svake partisipp i predikative stillingar. I korpusstudien blir begge formene brukte, sjølv om dei ikkje-samsvarsbøyge svake partisippa blir brukt noko meir enn dei samsvarsbøyge svake partisippa. Avissjangeren skil seg ut som den sjangeren med flest ikkje-samsvarsbøyge partisipp. Dette er også i tråd med forventningane om at tekstskrivarane har eit mykje meir gjennomtenkt forhold til valfri samsvarsbøyge enn det respondentane i akseptabilitetsvurderingane har. I akseptabilitetsvurderingsstudien føretrekk alle respondentane, uavhengig av dialekttilhørsla, det samsvarsbøyge svake partisippet i større grad enn det ikkje samsvarsbøyge. Dette kan tyde på at den fastsette norma om valfri samsvarsbøyge av svake partisipp ikkje er internalisert i like stor grad hos respondentane som hos tekstskrivarane. Helset (2016, s. 146–148) hevdar at ei språkform ikkje er valid dersom ho ikkje er internalisert hos språkbrukarane. Resultata i denne studien tyder på at den fastsette norma om valfri samsvarsbøyge av svake partisipp i predikative stillingar ikkje er valid, sidan ho ikkje er internalisert hos respondentane.

**Litteratur**

- AA, L.I. & Harstad, O. (2023). *Elevtekstanalyser. Nye tilnærminger*. Universitetsforlaget.
- Bartsch, R. (1987). *Norms of Language. Theoretical and Practical Aspects*. London: Longman.
- Bates, D., Mächler, M., Bolker, B. & Walker, S. (2015). Fitting Linear Mixed-Effects Models Using lme4. *Journal of Statistical Software*, 67(1), 1–48. 10.18637/jss.v067.i01
- Berg, C. M. (1999). «La oss skrive slik det er naturlig og behagelig.» Om kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselevar i vidaregåande skule. Upublisert hovudoppgåve, Universitetet i Bergen.
- Bross, F. (2019 a). Acceptability ratings in Linguistics: A Practical Guide to Grammaticality Judgments, Data Collection, and Statistical Analysis. Version 1.02. Mimeo. <http://www.fabianbross.de/acceptabilityratings.pdf>
- Bross, F. (2019 b). Using Mixed Effect Models to Analyze Acceptability Rating Data. Version 1.0. Mimeo. [www.fabianbross.de/mixedmodels.pdf](http://www.fabianbross.de/mixedmodels.pdf)
- Brunstad, E. (2009). Kva er god nynorsk språkføring? I Omdal, H. & Røsstad, R. (red.), *Språknormering- i tide og utide?* (s. 91–108). Novus forlag.
- Brunstad, E. (2000). Språknormer som forskingsobjekt. Refleksjonar kring språknormomgrepet og språknormforskninga. I Brodersen, R. B. (red.) & Kinn, T. (red.), *Språkvitenskap og vitenskapsteori. Ti nye vitenskapsteoretiske innlegg*. (s.46–68). Ariadne forlag, Larvik.
- Faarlund, J. T. & Lie, S. & Vannebo, K. I. (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Universitetsforlaget: Oslo.
- Field, A. (2018). *Discovering statistics using IBM SPSS statistics* (5.utg.). SAGE.
- Helset, S. 2016. *Tilhøvet mellom konservative, moderate og radikale former i nynorsk – ein studie av nynorskskrivaren sine språklege intuisjonar og val*. *Maal og Minne* 1 (2016): 141–172
- Johannessen, J. B. (2003). Innsamling av språklige data: Informanter, introspeksjon og korpus. I J. B. Johannessen (Red.), *På språkjakt*. (s. 133-171). Unipub forlag.
- Kinn, T. 2013. *Nynorskrettskrivinga av 2012*. [https://www.researchgate.net/publication/303372898\\_Nynorskrettskrivinga\\_av\\_2012](https://www.researchgate.net/publication/303372898_Nynorskrettskrivinga_av_2012)
- Lenth, R. V., Buerkner, P., Giné-Vázquez, I., Herve, M., Jung, M., Love, J., Miguez, F., Riebl, H. & Singmann, H. (2022). emmeans: Estimand Marginal Means, aka Least-Squares Means. R package version 1.8.0. <https://CRAN.R-project.org/package=emmeans>

- R Core Team. (2021). R: A language and environment for statistical computing. R Foundation for statistical Computing, Vienna, Austria. URL <https://www.R-project.org/>. R version 4.1.1 (2021-08-10)
- Røstad, R. (2008). Språkkoppfatningar og sosiolingvistikken. Målbryting, (9), 7-33. <https://doi.org/10.7557/17.4796>
- Sandstedt, J. J. (2022). Upublisert studie: A survey of Sunnmøre participial agreement.
- Sandøy, H. (1988). *Samsvarsbøying av adjektiv og perfektum partisipp i norske dialekter*. Redigert av Bjørkum, A. & Borg, A. Universitetsforlaget: Oslo.
- Språkrådet. (2021, 09. desember). Retningslinjer for normering av bokmål og nynorsk. <https://sprakradet.no/wp-content/uploads/retningslinjer-for-normering-2021-nynorskversjon.pdf>
- Velle, I.H. (2016). Partisippkongruens og formelle subjekt i herøydialekta: ein dialektsyntaktisk studie. [Masteroppgåve]. NTNU. <http://hdl.handle.net/11250/2403290>
- Vikør, L. S. (1994). *Språkplanlegging: prinsipp og praksis*. Novus forlag: Oslo.
- Wickham H, Averick M, Bryan J, Chang W, McGowan LD, François R, Grolemund G, Hayes A, Henry L, Hester J, Kuhn M, Pedersen TL, Miller E, Bache SM, Müller K, Ooms J, Robinson D, Seidel DP, Spinu V, Takahashi K, Vaughan D, Wilke C, Woo K, Yutani H (2019). “Welcome to the tidyverse.” *Journal of Open Source Software*, 4(43), 1686. doi:10.21105/joss.01686.
- Winter, B. (2019). *Statistics for linguistics an introduction using R*. Routledge.

## Summary

This article investigates how optional agreement in weak participles in predicative form in Nynorsk language is perceived and handled, using a combination of acceptability judgement tasks and text corpus studies. Vikør (1994, p. 66-68) explains that an established norm is an objective language perception that is adopted by a language authority, while an internalised norm is a subjective language perception that varies from person to person. The article examines whether the established norm of optional agreement in weak participles in predicative form has been internalised by the language users or not. The article uses the results from the acceptability judgement tasks and corpus studies to analyse how the Nynorsk language users perceive and handle this optional grammatical pattern. The study focuses on the optional agreement of weak participles in predicative positions, which varies across Norwegian

dialects (Sandøy, 1988, p. 85). The study shows that the respondents in the acceptability judgement task accept the agreed form to a greater extent than the non-agreed form, while the text writers in the corpus study exhibit equal usage of both agreed and non-agreed forms.

Berit Fjermestad  
Høgskulelektor, Høgskulen på Vestlandet  
Røyrgata 6, 6856 Sogndal  
beritfjermestad@gmail.com

## Vedlegg

## Tabellar og figurar frå akseptabilitetsvurderingsstudien

## Setningane i akseptabilitetsvurderingsoppgåvene

Liste	Nummer	Setning	Tilstand	Tilfeldig nummer
4	1	Det er ein krevjande situasjon.	fyllesetting	0,82006287
4	2e	Hunden blir alltid bite av myggen.	predikativ, ikkje-samsvar, sterk	0,24339366
4	4a	Han har òg ein maskinpistol tilgjengeleg.	fyllesetting	0,79636643
1	1	Han er ein frifutne mann.	attributt, ikkje-samsvar, sterk	0,18119651
1	3f	På avstand ser dei store kvite felta ein hjarte ut som.	fyllesetting med feil	0,87130501
6	4e	Den beste kandidaten er valt.	predikativ, ikkje-samsvar, svak	0,40506465
5	2g	Han går inn for ei sosialrevolusjonær kurs.	fyllesetting med feil	0,25902239
1	4d	Kvinnar er drepe med kniv.	predikativ, ikkje-samsvar, sterk	0,29359722
4	3c	Den designervekska er stolen.	predikativ, samsvar, sterk	0,66266625
8	2f	Det står ein øydelagd sykkel i garasjen.	attributt, samsvar, svak	0,1108071
3	1e	Innboksen viser ei ulesne tekstmelding.	attributt, samsvar, sterk	0,2624596
6	2b	Stemminga blir brått snuett.	predikativ, ikkje-samsvar, svak	0,89227056
6	3g	Sjokoladekaka er allerete oppete.	predikativ, ikkje-samsvar, sterk	0,42524166
7	1f	Kampen om Vinmonopolstatlets plassering hardnar til.	fyllesetting	0,72815108
3	3a	Her er ei gjengløynt jakke du kan bruke.	attributt, ikkje-samsvar, svak	0,8132458
7	2d	Det er eit godt bomiljø for barn og vaksne.	fyllesetting	0,60623579
7	7	Dette er ei grei leveregel.	fyllesetting med feil	0,54395733
3	3a	Teksten er skriven på samisk.	predikativ, samsvar, sterk	0,64781739
7	2d	Bilen er leigd av byggefirmaet.	predikativ, samsvar, svak	0,5663911
7	7	Historia blir alltid fortalt på den måten.	predikativ, ikkje-samsvar, svak	0,75192063
3	3a	Han er absolutt ein spelar vi må sjå opp for.	fyllesetting	0,57934084
7	3b	No ser me tid an og ventar.	fyllesetting med feil	0,16387431
7	2d	På pubben sit ei drukke forsamling.	attributt, ikkje-samsvar, sterk	0,62435692
7	2d	Det går ei nybyggt hengebru over elva.	attributt, ikkje-samsvar, svak	0,82857826
7	2d	Dette er ei anerkjend oppskrift.	attributt, samsvar, svak	0,78069495
7	2d	Hunden blir brukt til å hente inn sauer.	attributt, samsvar, svak	0,80714324
7	2d	Her finn du eit kart over London.	fyllesetting	0,71487716
7	2d	Fangen overførast til ei open avdeling.	fyllesetting med feil	0,67158725
7	2d	Modellen beskriv ikkje pasientens behov.	fyllesetting	0,49891722
7	2d	Skodespelaren si formidling av tekstane fascinerer henne.	fyllesetting	0,73660504
7	2d	Statoil krev tju millionar kroner i erstatning.	fyllesetting	0,90920857
5	3e	Leileghetta er nedslitte.	predikativ, ikkje-samsvar, sterk	0,53852907
4	1g	Me spelar ein brukbar kamp.	fyllesetting	0,0520293
4	1g	Tramopolina i hagen er nedgraven.	predikativ, samsvar, sterk	0,53909824



2	1c	Ei nyoppfunnen pille kan stoppe sjukdommen.	attributt, samsvar, sterk	0,61462756
	fyl141	Det er på tide å sjå over planane.	fylsetning	0,39166936
	fyl150	Figuren viser kompensasjonsgrada før skatt.	fylsetning	0,56622875
5	1b	Det bur i ei leigt hytte.	attributt, ikkje-samsvar, svak	0,20055253
	fyl146	Ein ser at huset er forfalle.	fylsetning	0,12151109
1	1a	Ho koyrer ein stole bil.	attributt, ikkje-samsvar, sterk	0,41317511
	fyl138	Han svingar ut på hovudvegen utan å sjå seg for.	fylsetning	0,39486627
	fyl124	Plantene veks best i skuggen.	fylsetning	0,39187352
	fyl157	Det er uviltsamt eit problem ved flytting.	fylsetning	0,90949948
	fyl159	Ho er ansvarleg for prosjektet.	fylsetning	0,99402253
6	1d	Ei godkjend utdanning gir han gode framidsutsikter.	attributt, samsvar, svak	0,93005738
	fyl142	Laget kan sjå fram til seriestart med stor sjølvtrillit.	fylsetning	0,21190178
5	4c	Ein frosen fiskefilet bør tinas langsamt.	attributt, samsvar, sterk	0,02619851
7	4g	Pasienten blir meir og meir nedbroten.	predikativ, samsvar, sterk	0,04929487
2	4f	Han blir spurt ut om hendinga.	predikativ, ikkje-samsvar, svak	0,46358742
8	1h	All frukta er øydelagd.	predikativ, samsvar, svak	0,74746449
	fyl145	Det gir eit smitt på rundt 280 betalande.	fylsetning	0,70154695
	Deira pompøse gjerrighet er inga overrasking på nokon.	0,80990037	fylsetning	
	fyl152	Samtlege veit at ho strauk til eksamen.	fylsetning med feil	0,2877033
	fyl166	Vi trur vi kan hjelpe mange familiar framover.	fylsetning	0,50176364
	fyl139	Festen finne stad på hotellet.	fylsetning med feil	0,97140023
3	4h	Byen er skild med ei elv.	predikativ, samsvar, svak	0,36417455
	fyl155	Kunstnarane er inhabile i saka.	fylsetning	0,654365
8	4b	Han er ein skilt mann.	attributt, ikkje-samsvar, svak	0,43997444
	fyl143	Avgangen hennar kjem overraskande på dei fleste.	fylsetning	0,34286161
3	2c	I hjørnet står ein utslitte sofa.	attributt, samsvar, sterk	0,28504649
8	3d	Ferieøya er ein bortgøymd skatt.	attributt, samsvar, svak	0,13104126
2	3h	Denne vegen er ulovleg bygd.	predikativ, samsvar, svak	0,54274599
	fyl154	Ho sender ein søknad i morgon.	fylsetning	0,65511883
2	2a	Det har ein nedgrave oljetank i kjellaren.	attributt, ikkje-samsvar, sterk	0,33015177

Figur 1: Valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling

```
samsvarB %>% filter(Grad %in% c("svak"), Samsvar %in% c("samsvar", "ikkje-
samsvar"), Stilling %in% c("predikativ")) %>%
ggplot(aes(x = Grad, y = Score))+
geom_boxplot()+
geom_violin(alpha=.5, color = 'grey')+
facet_wrap(Samsvar~Stilling, ncol = 4)+
labs(title = "Valfri samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling")+
scale_x_discrete(name = NULL, breaks = NULL, labels = NULL)
```

Figur 2: Samsvarsbøying av svake partisipp i predikativ stilling

```
samsvarB %>% filter(Dialekt %in% c("Austnorsk", "Trøndersk", "Vestnorsk")) %>%
filter(Grad %in% c("svak")) %>% filter(Stilling %in% c("predikativ")) %>%
ggplot(aes(x = Grad, y = Score))+ geom_boxplot()+
geom_violin(alpha=.5, color = 'grey')+
facet_wrap(Dialekt, Samsvar, Stilling, ncol = 2)+ labs (title = "Samsvarsbøying av
svake partisipp i predikativ stilling")
```

Figur 3: Samsvarsbøying av sterke partisipp i predikativ stilling

```
samsvarB %>% filter(Dialekt %in% c("Austnorsk", "Trøndersk", "Vestnorsk")) %>%
filter(Grad %in% c("sterk")) %>% filter(Stilling %in% c("predikativ")) %>%
ggplot(aes(x = Grad, y = Score))+
geom_boxplot()+
geom_violin(alpha=.5, color = 'grey')+
facet_wrap(Dialekt, Samsvar, Stilling, ncol = 2) + labs (title = "Samsvarsbøying
av sterke partisipp i predikativ stilling")
```

Figur 4: Interaksjonseffektar mellom Samsvar, Grad og Dialekt på Z\_Score

```
ggplot(plot_data, aes(x = Samsvar, y = mean_Z_Score, color = Grad, group =
interaction(Grad, Dialekt))) +
geom_line(aes(linetype = Dialekt), size = 1) +
geom_point(size = 3) +
labs(title = "Interaksjonseffektar mellom Samsvar, Grad og Dialekt på Z_Score",
x = "Samsvar",
y = "Gjennomsnittleg Z_Score") +
theme_minimal() +
scale_color_brewer(palette = "Set1") +
theme(legend.position = "right")
```

Tabell 4: Blanda modell med grad, samsvar og dialekt som fast effekt

```
mod4 <- lmer(data = samsvarB, Z_Score ~ Samsvar * Grad* Dialekt + (1|Deltakar) +
(1|Setning))
summary(mod4)
```

*Tabellar og figurar frå korpusstudien*

Liste over dei 55 mest frekvente bøyelege svake partisippa

	<b>partisipp</b>	<b>antall</b>	<b>prosent</b>
1	lagt	966	3.3685532
2	gjort	901	3.1418907
3	bygd	759	2.6467204
4	sendt	700	2.4409806
5	bedt	500	1.7435576
6	lagd	279	0.9729051
7	kjent	262	0.9136242
8	gjord	225	0.7846009
9	stengt	216	0.7532169
10	dømt	170	0.5928096
11	utarbeidd	166	0.5788611
12	meldt	157	0.5474771
13	kjend	156	0.5439900
14	fødd	151	0.5265544
15	stengd	139	0.4847090
16	send	137	0.4777348
17	bygt	137	0.4777348
18	selt	130	0.4533250
19	planlagt	128	0.4463507
20	eigd	124	0.4324023
21	nådd	121	0.4219409
22	godkjent	117	0.4079925
23	seld	109	0.3800955
24	vald	95	0.3312759
25	valt	94	0.3277888
26	dømd	83	0.2894306
27	nemnt	82	0.2859434
28	køyrt	76	0.2650207
29	avgjort	71	0.2475852
30	kledd	70	0.2440981
31	leidd	68	0.2371238
32	tilsett	66	0.2301496
33	sagt	63	0.2196883

34	snudd	62	0.2162011
35	tent	61	0.2127140
36	meld	60	0.2092269
37	køyrd	57	0.1987656
38	øydelagt	56	0.1952784
39	følgd	54	0.1883042
40	godkjend	53	0.1848171
41	nemnd	52	0.1813300
42	spreidd	52	0.1813300
43	øydelagd	50	0.1743558
44	bestemt	49	0.1708686
45	skadd	46	0.1604073
46	planlagd	44	0.1534331
47	offentleggjort	44	0.1534331
48	sprengt	42	0.1464588
49	følgd	42	0.1464588
50	forklart	38	0.1325104
51	født	37	0.1290233
52	forbode	37	0.1290233
53	grunnlagt	35	0.1220490
54	pålagt	33	0.1150748
55	skilt	32	0.1115877

Figur 5: Samsvarsbøying av dei 55 mest frekvente bøyelege svake partisippa i predikativ stilling

```

korporus_00_10 %>%
  filter(bøyeleg.x %in% c("TRUE"), kjønn_samsvar %in% c("samsvar", "ikkje-
samsvar")) %>%
  ggplot(aes(x = kjønn, fill = samsvarsbøying.x))+
  geom_bar(stat = 'count', position = 'fill', width = 0.2)+
  labs(title = "Samsvarsbøying av dei 55 mest frekvente bøyelege svake partisippa
i predikativ stilling", x = "kjønn", y = "count")

```

Figur 6: Samsvarsbøying av svake partisipp i ulike tekstsjangrar dei siste tjue åra

```

korpus_00_10 %>%
  group_by(genre) %>%
  mutate(nrows = n()) %>%
  filter(nrows >= 49) %>%
  ggplot(aes(x = decade, y = kjønn_samsvar_rate_år, color = genre)) +
  geom_jitter(width = .1, height = .03, alpha = .1) +
  geom_smooth(method = "lm") +
  scale_y_continuous(labels = percent) +
  labs(title = "Samsvarsbøying av svake partisipp i ulike tekstsjangrar dei siste
tjue åra",
       x = "År",
       y = "Andel",
       color = "Sjanger")

```

Tabell 6: Logistisk regresjonsmodell

```

modell <- glm(samsvarsbøying.x ~ genre, data = test_data, family = binomial,
weights = weights)
summary(modell)

```